



Kolset Tidende

Nr 1 * Årgang 25

Mai 2021

Innhold:

- Styret har ordet
- Optimisme i Leirgulen Idrettslag
- Informasjon frå Rugsund skyttarlag
- Framleis fult i Seniordansen
- Utegudsteneste i Rugsund
- 17.mai-program



Styret har ordet

Våren er komen med litt varmare dagar, og sola tinar kropp og sinn. Ute kan lam og sauer nyte fine dagar på grønne, fine bøyar. Vi håpar at dei små gardsbruka våre kan få vilkår til å halde fram, for utan dei vil bygda vår sjå ustelt og trist ut.

Mykje har stått på vent det siste året, men no ser vi kanskje ei lysning. Som de ser i bladet, har LIL starta opp igjen med inneaktivitetar og Skyttarlaget har aktivitet på bana i Snekkevika. Og Seniordansen, ja dei har ein imponerende stå på-vilje og dugnadsånd! Alt dette kan du lese meir om i bladet.



For eitt år sidan venta vi framleis på at kommunen skulle lyse opparbeiding av byggefeltet på Kolset ut på anbud. No, eitt år seinare er arbeidet ferdig, og seks tomter som ligg flott til i «indrefileten» av Bremanger kommune vil snart komme for sal.

Eit lite hjartesukk må vi likevel få komme med. Dersom kommunen vår har som mål å trekkje til seg nye innbyggjarar, og særleg unge i etableringsfasen, burde desse tomtane hatt ein lågare pris. Men fine er dei!

Foto: Per-Kjetil Leirgulen

Brannstasjonen på Kolset er no omgjort til depot, og ved evt brann vil det vere utrykning frå Svelgen og Davik som gjeld. KKU har gjort avtale med brannvesenet om å trene opp ei gruppe i bygda som kan klargjere pumper og slargar frå utstyrshengaren som står i depotet. På grunn av Covid 19 er øvinga blitt utsett. Åtte frivillige har meldt seg til å bli med i vårt lokale «brannkorps».

Saka om Kolset skule er framleis uavklart. Borna i krinsen tok til på skule på Davik i haust, men foreldra har sendt inn ny søknad om etablering av Montessoriskule på Kolset. Svaret vil truleg komme i januar 2022.

Av prosjekt må vi nemne fleirbruksbana på Kolset. Der gjenstår det framleis litt dugnad før fyrste byggesteg er klart, og deretter er det bygging av lager/kiosk som står for tur. Vi er takksame for den store dugnadsinnsatsen som er lagt ned så langt, og håpar nye folk vil bli med på jobben som står igjen.

Til slutt vil vi oppmode alle om å slutte opp om KKU og betale medlemskontingenten. Vi set også pris på innspel til saker vi bør ta opp og arbeide med. Send innspel til kolsetkrins@outlook.com , eller ta kontakt med ein av oss i styret.

Formålsparagrafen til KKU er å arbeide for positive saker for bygda. Kolset Tidende som viser fram det som skjer her, både for oss som bur her og for dei som les bladet og lengtar hit. I år er det jubileum med heile 25 år sidan KKU gav ut sitt fyrste nummer av bladet.

Vi ønskjer alle ein fin vår vidare, og ein god 17.mai!

Optimisme i Leirgulen Idrettslag

Endeleg kan det sjå ut til at vi så smått kan planleggje, og faktisk gjennomføre ulike arrangement framover, i allefall utandørs. Og er det noko det siste året har lært oss, så er det å kle seg for ute-aktivitetar! Ull er gull 😊

Barnetrimmen har hatt fleire treningar innandørs, til stor glede for ungane. Kjekt å få trene i gymsalen att! Vaksentrimmane har og fått klarsignal til å trene både ute og inne. Alt sjølvsagt etter gjeldande smittevernreglar.

Vi har ei flott fleirbruksbane i bygda, og minner om at LIL har tennisutstyr til låns for dei som vil nytte tennisdelen på bana. Ved eine inngangsdøra til skulen finn du informasjon om korleis ein kan hente dette.

Litt om løypene i området:

LIL har gleda over å leggje til ein ny barnetrimpost til barnetrimmen, nemlig Blålidvatnet rundt. Denne flotte løypa med naturleg rasteplass ved gapahuken, har vore flittig i bruk sidan i fjor. Og no er postkassa på plass, du finn den omtrent halvvegs rundt vatnet, der Johan og Bjørg har båten sin. Turen gjev 2 poeng.



I sommar tek vi sikte på å merke løypa Troda-Raudalskammen-Raudalen. Her håpar vi at fleire vil trå til og hjelpe oss, dess fleire, dess betre. Ein flott dugnadsmoglegheit med spektakulær utsikt og hyggelig samvære. Absolutt pleie for både kropp og sjel 😊

Vi nyttar samstundes høvet på veg opp til å merke oppatt løypa Blålid-Troda, då denne har fått hard medfart av ver og vind. Vi kjem tilbake med tidspunkt i løpet av sommaren.

På Huldrehaugen blir postkassa flytta ut frå utedoen, og sett opp utandørs på ein av hytteveggane der.

Fjelltrimmen/barneløypene:

1. mai byter vi bøkene på turmåla våre. Trimåret og poengsankinga for 2021 går fram til 1. mai 2022. Dersom veret er dårleg/mykje snø, kan det gå litt tid før bøkene vert bytta-men poenga dine vil likevel kome med på rett år. Dersom du tenkjer å ta turen til eit av turmåla i næraste framtid, ta gjerne kontakt med Hrafnhildur Eva. Kanskje du kan hjelpe oss med å byte denne boka? 😊

Premiar for 2020 vert delte ut i løpet av året.

Fjelltrimmen har bøker på følgjande turmål:

Troda (varden)	10 poeng
Raudalskammen (varden)	7 poeng
Søndstua (varden)	5 poeng
Raudalen (mur vest for selet til Hildegunn)	3 poeng
Raudehaugen (hytta til Åshild, postkasse)	3 poeng
Huldrehaugen (utedoen)	3 poeng

Kyrahaugen (mur i nærleiken av hytta til Svein Inge)	3 poeng
Skaravatnet (hytta til Knut)	2 poeng
Gloføykvatnet (postkasse i løypa ved vatnet)	2 poeng
Heidasteinane (postkasse, stien til Djupedalen)	2 poeng
Djupedalen (hytta til Bjørg og Johan)	2 poeng
Tongane (bislaget på forsamlingshuset)	1 poeng
Skatestraumen (på stien frå Nygård mot Nygårdssetra)	1 poeng

Barnefjelltrimmen har bøker på følgjande turmål:

Tongane (bislaget på forsamlingshuset)	4 poeng
Skatestraumen/Nygård (start ved avkøyrsla til Jan Inge)	3 poeng
Mummisteinen (start ved grinda i Rabben)	2 poeng
Hagen (skogsvegen frå lada til Solfrid)	2 poeng
Storfurua (ovanfor Tordis, i løypa frå barnehagen)	1 poeng
Hakkebakkeskogen (Stranda, løypa frå trimstova)	2 poeng
Øyna rundt (midtvegs i løypa, start ved Magne)	2 poeng
Vågen/Ranhøgda (start ved garasjen ved kyrkja)	3 poeng
Holten i Leira (i løypa mot Heidasteinane)	2 poeng
Brauta (Blålida, løypa startar ved Geir)	3 poeng
Bortnen (skogsvegen mot Bortnestøylen/Skaravatnet)	2 poeng
Blålidvatnet (midtvegs i løypa, på tre)	2 poeng

Grasrotandelen

Du kan støtte idrettslaget vårt ved å registrere deg via tippekortet ditt når du tippar hos Norsk Tipping. 7 % av summen du tippar for, vil då gå direkte til laget-og dermed kome tiltak i nærmiljøet sitt til gode. Dette er heilt kostnadsfritt for deg.

Vårt org.nr. er 986124691

Styret i LIL ser slik ut for 2021:

Hrafnhildur Eva Olafsdottir	leiar
Merete Kolseth	nestleiar
Therese Kolseth	skrivar
Espen Gulliksen	kasserar
Svein Leirgulen	styremedlem

Rugsund Skyttarlag

Rugsund skyttarlag vil denne gongen nytte spalteplassen til å takke dei faste sponsorane våre, både nye og gamle. Vi har dei siste åra utført omfattande anleggsarbeid for å oppgradere skytebana vår, og ein god del arbeid gjenstår før vi kan ta i bruk 200 m bana igjen. Dei økonomiske bidraga frå sponsorane våre er i denne samanheng svært viktige.

Vi vil og rette ein stor takk til Magnus Almenning som har teke i mot fleire hundre gamle bildekk frå dei utrangerte kulefanga både på 100 m og 200 m banene. Dekka er no sende til destruksjon.

Styre 2021

Per Kristian Elde	Leiar
Geir Aardalsbakke	Nestleiar
Håvard Lofnes	Kasserar
Harald Skaar	Sekretær
Emil Forsberg	Styremedlem

Dei faste sponsorane våre:





Aardalsbakke AS

E.A Smith AS (Eid Bruk)

Færstad Installasjon AS

Låssenteret AS

MOWI AS

Sogn og Fjordane Energi AS

Sætren AS

Toyota Nordfjord og Førde AS

Våpenloftet AS

Terminliste 2021

Dag/dato:	Tidspunkt:	Arrangement:	Ansvarlege
Laurdag 20. mars	kl.10.00	Dugnad	Styret (meld frå til styret at du kjem)
Søndag 25. april	kl.14.30-17:00	Trening/ Jaktskyting	Håvard , Per Helge, Monrad.
Tysdag 27. april	kl.17.30-19.00	Trening/Jaktskyting	Harald , Paul Midtbø, Jan Åge
Søndag 2. mai	kl.17.30-19:00	Trening/Jaktskyting	Per Kristian , Leif J, Steffen H
Tysdag 4. mai	kl.17.30-19.00	Trening/Jaktskyting	Harald , Øystein, Roy Cato
Søndag 9. mai	kl.14.30-17:00	Trening/Jaktskyting	Geir Aa , Idar D, Svein L
Tysdag 11. mai	kl.17.30-19:00	Trening/Jaktskyting	Håvard , Erlend Birkeland, Johan L
Tysdag 25. mai	kl.17.30-19.00	Trening/Jaktskyting	Emil F , Per Inge, Kjell L.
Søndag 30. mai	kl.14.30-17:00	Trening/Jaktskyting	Per Kristian , Geir O. Jan T.Kolseth
Søndag 6. juni	kl.12.30-17.00	Trening/ Jaktlagskyting	Harald , Bertil O, Aleksander O.
Tysdag 15.juni	kl. 17.30-19.00	Trening/Jaktskyting	Håvard , Arild L. Tonje L.
Søndag 27. juni	kl.11.00-17.00	Lagskyting/Dugleikmerke Påmelding innan 24. juni	STYRET
Tysdag 6. juli	kl.17.30-19.00	Trening/Jaktskyting	Geir Aa. , Jarle Aa, Magnus Endal
Søndag 18. juli	kl.14.30-17.00	Trening/Jaktskyting	Per Kristian , Bjarte H, Henning B.
Tysdag 27. Juli	kl.17.30-19.00	Trening/Jaktskyting	Emil , Trond F, Mattis Hamre
Tysdag 03. aug.	kl. 17.30-19.00	Trening/Jaktskyting	Emil , Knut Erlend, Jon Nygård
Søndag 8. aug.	kl.14.30-17.00	Trening/Jaktskyting	Per Kristian , Ole Jensen, Asle Skaar
Tysdag 17. august	kl. 17.30-19.00	Trening/Jaktskyting og STENGE BANA	STYRET

Det er i år krav om påmelding på førehand på sms eller pr. telefon til styret sin representant:

Per Kristian Elde Tlf. 9523 7956
Geir Aardalsbakke Tlf. 9087 1216
Håvard Lofnes Tlf. 9596 1780
Harald Skaar Tlf. 9131 4961
Emil Forsberg Tlf. 4764 0221

Styret oppfordrar til betaling over terminal evt. med vipps (580 555).

Det er ikkje høve til betaling med kontantar!

Styret ber om at dei som ikkje kan møte til oppsett tid, seier frå til leiar på tlf. **9523 7956**.

Dei ansvarlege skal sette seg inn i DFS sine koronatiltak, ha med mobiltelefon, samt lese oppslag; Krise- og beredskapsplan.

Skyttarane må ta med eige liggeunderlag.

Den som står først på lista (**utheva skrift**), har hovudansvar og kontaktar medansvarlege. Nøkkel til bana får ein ved å ta kontakt med leiar. (9523 7956).

All skyting må skje i samsvar med baneinstruksen, jf. stengd vegbom og varselflagg skal vere heist. Baneinstruksen er oppslegen på skytebana. Krise- og beredskapsplan er oppslegen på skytebana.

Våpenkort skal visast fram ved kjøp av ammunisjon.

Framleis futt i Seniordansen

Dessverre er det framleis «futt» i Covid-19 og, så normal seniordans vart det ikkje dette halvåret heller. Vi har utsett årsmøtet og, for etter råd frå høgare organ held det sitjande styret fram til vi alle kan møtast igjen.

Heilt utan dans har det ikkje vore, for ein liten gjeng har halde fram med linedans og ringdansar utan å halde i hop. Vi har hatt desse øvingane nokre tysdagar i partalsveker, og vi har som oftast vore åtte deltakarar. Midt i økta har vi kaffipause, og denne har vi nok utvida i tid, for det er så godt å kunne møtast. Vi sit då i ring med ein meter mellom stolane, og praten går livleg. Vi håper sjølvstundt at vi kan starte opp att med vanlege danseøvingar frå hausten av, for då er alle deltakarane fullvaksinerte, men vi veit aldri noko sikkert. Nye og gamle dansarar er hjarteleg velkomne.



Etter at snøen vart borte, og vi fekk finare vår, vakna lysta til å arbeide vidare med turstien i Blålida. Vi har hatt tankar om å lage bru over elva nær kraftstasjonen, og no er dette arbeidet starta opp. Fordi det ofte er stor vassføring, må det støypast brukar på begge sider. Dette er på eigedomen til Kjell, og vi er så heldige at han har teke del i planlegginga og er med på arbeidet. Paul og Olav er dei andre arbeidskarane, og vi andre vil ta del så godt vi kan. Vi damene er byrja på eit anna prosjekt nær den yste brua. Der måtte fjernast mold og leggast ned rør og heller slik at vi får ein tørrare sti.

Vi har fått mange gode tilbakemeldingar frå dei som har brukt stien, og med den flotte gapahuken og den nye brua som kjem, blir det endå kjekkare å ferdast ved det idylliske vatnet. Seniordansen ønskjer alle sambygdingar ein god 17. mai og ein innhaldsrik sommar.



B. D. L.



RUGSUND KYRKJE



UTEGUDSTENESTE 17.MAI KL 1100

V/ Kjell Askeland

Gudstenesta blir holdt iht gjeldane smittevernreglar, og den er avklart med smittevernlegen. Vi må likevel minne om att det er heilt avgjerande att du som kjem, sjølv tek ansvar, og held avstand.

Ta gjerne med deg stol, og kle deg etter veret☺

Offer: kyrkjelydsarbeid

Velkommen til kyrkje



Rugsund sokneråd



L> For 6734 Rugsund (adr.)

Kl. 8.00 Flaggheising

Kl. 11.00 Utegudsteneste v/Kjell Askeland

Minnemarkering ved bautaen, Rugsund kyrkje

Konfirmanter og musikanter frå Smølsarhorn skulemusikk deltek her.

Kl. 13.00 Bilkortesje frå Rugsund kyrkje via Bortne, Blålid, Gloføyk og Rugsund Handelstad til Kolset oppvekst.

17. mai komiteen deler ut is til barna langs vegen på ruta.

Rebus med 12 poster for barn og vaksne vert hengt opp 16. mai langs gang- og sykkelsti frå Kolset til Leirgulen. Levere svar i kasse under baldakin ved inngang til gymsal på Kolset. Flotte premiar til trekning etter kl. 17.00.

Oppmode alle om å lytte til tale frå ordførar kl. 16.00, musikkinnslag frå kulturskulen kl. 16.20 og vere med på Kahoot kl. 17.00 frå Bremanger kommune sin nettside.

Alle er hjarteleg velkomne til å sende helsing til bygda vår på Kolset Krins si facebook-gruppe. For innslag elles følg med på heimesidene til Kolset Krins.

Kjære sambygding i Kolset krins - Gratulere med dagen!

Vi ynskjer alle ein annleis, men flott feiring.

Takk til alle som har pynta bygda vår til nasjonaldagen!

Med helsing 17. mai komiteen 2021



RUGSUND KIRKE



KOLSET OPPVEKST




BORTNE TUNELLEN



RUGSUND-BRUA



GLOFØYK



Retur

